



Elin Legland frontar Senterpartiet i Uskedalen. Her er ho midt i eit innlegg under valmøtet på Helgheim tysdag. Laurdag skal ho vera med og gravleggja Bygdedyret. (Foto: Ola Matti Mathisen)..

Bygdedyret, som gjennom mange år har ridd også Kvinnherad som ein mare, skal no gravleggjast – truleg ein gong for alle!

Det skjer som rett og rimeleg er midt i kommunen – altså i Uskedalen - og det er Senterpartiet som har funne på og står føre gravleggjinga. Skal vi allereie no kåra påhittet som valkampens beste val-gimmick?

Men heilt konkret er det Bente Bondhus som har hatt ideen, fortel Senterpartiets førstekandidat frå Uskedalen Elin Legland til uskedalen.no.

Partiet inviterar sjølvstøtt dei andre partia og alle som ellers vil vera til stades til gravleggjinga av Bygdedyret og dermed også stridsøksa mellom indre og ytre luten. Bente Bondhus held fram at Kvinnherad må sjåast som ein heilskap heretter og at ein må gjera noko no - av omsyn til ettertida og etterkommarane.

Når det gjeld valet av Uskedalen som stad for gravleggjinga peikar ho ikkje berre på at bygda ligg midt i kommunen, men minnar også om at det er ein fantastisk dugnadsånd her.

Fredag føremiddag er alle trådar i arrangementet slett ikkje på plass, men gravleggjinga skal skje laurdag klokka 15.30 på Steneplassen.

Om det blir ei fysisk gravleggjing av ein figur i eit hol i jorda eller ei reint symbolsk handling er enno ikkje avgjort. Men det er avgjort at sjølve handlinga skal foretakast av "ein god ungdomsrepresentant".

- Blir det musikk, song eller andre innslag, spør vi Elin Legland
- Det har vi heller ikke drøfta enno, er svaret.

Men det er i hvert fall på det rene kva det skal stå på eit eventuelt gravmonument. Det skal stå "Indre-Ytre" til fornamn og "Luten" til etternamn!

Av Ola Matti Mathisen